



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
16.05.2018  
Dykkar dato  
24.04.2018

Vår referanse  
2018/3457 421.3  
Dykkar referanse  
18/600

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### **Klage på dispensasjon til utbetring og omlegging av Håtuftvegen - gnr. 30 bnr. 1 mfl.**

Vi viser til brev frå kommunen datert 24.04.2018, med frist til 21.05.2018 for å klaga. Saka gjeld søknad om dispensasjon for utbetring og omlegging av ein del av Håtuftvegen i samband med legging av ny vass og avlaupsleidning.

Utval for drift og utvikling ga i vedtak 42/2018 dispensasjon frå arealformål LNF i kommuneplanen sin arealdel for frådelling og opparbeiding av Håtuftvegen.

Fylkesmannen i Hordaland klagar på Meland kommune sitt vedtak.

#### Vurdering og grunngjeving

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Det går fram av pbl. § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensera der statlege og regionale myndigheiter har uttalt seg negativ til søknaden. Fylkesmannen rådde frå dispensasjon i brev av 04.04.2018. Fylkesmannen viser til denne uttalen som grunnlag for si klage:

*«Slik vi forstår det skal vegen endrast og leggst om på eit strekk på om lag 750 meter. Den nye traséen vil råke dyrka jord på fleire stader. Det er eit nasjonalt mål å omdisponera så lite dyrka eller dyrkbar mark som mogleg. Fylkesmannen er kritisk til slik omdisponering. Stortinget har også nyleg skjerpma måla for omdisponering av dyrka mark frå 6000 daa til 4000 daa i året i den nasjonale jordvernstrategien.*

*Fylkesmannen si vurdering er at dette er eit omfattande tiltak. Vi viser til pbl § 12.1 tredje ledd: For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlege virkningar for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan.*

*Fylkesmannen meiner det kan skape uheldige presedensverknader om kommunen er mindre streng med krav om reguleringsplan med seg sjølv enn med andre tiltakshavarar. Vi ser det som positivt at kommunen ynskjer ein tryggare veg for innbyggjarane sine, men meiner at tiltaket er omfattande og kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn. Verknaden for til dømes landbruksinteressene er ikkje godt nok vurdert.»*

Fylkesmannen vil klargjere at slik vi ser det, er dette eit tiltak av eit slikt omfang at det er reguleringspliktig etter pbl § 12-1 tredje ledd. Etter det vi kan sjå, er har ikkje kommunen sendt på høyring eller teke stilling til ein dispensasjon frå plankravet, men berre handsama saka som dispensasjon frå arealformålet.

Vi vil også leggje til at i LNF-områda skal ein ta særleg omsyn til landbruk, natur og friluftsliv. I denne saka er det landbruksomsynet som gjer seg sterkast gjeldande. Fylkesmannen ser at det kan verte mindre driftsulemper om vegen vert lagt om slik at den ikkje går igjennom gardstun. Det er også bra at deler av eksisterande veg skal tilbakeførast til slåttemark og at matjorda vil bli omplassert. Vi vil likevel vise til at det ikkje kjem tydeleg fram kor mykje dyrka jord som vil verte omdisponert og korleis tilbakeføring og omplasseringa skal gjennomførast, slik at kvalitetane til den dyrka marka vert tekne vare på og at eventuelle nye driftsulemper vert unngått.

Fylkesmannen si vurdering er såleis at det bør utarbeidast ein reguleringsplan på tiltaket. På den måten kan tema som til dømes landbruk vurderast grundig og ein kan sikre god medverking. Vi viser også til at det ligg føre ein merknad frå ein nabo som meiner at det bør lagast ein reguleringsplan slik at han som grunneigar skal få eit godt nok overblikk over dei totale verknadene av tiltaket.

Fylkesmannen meiner også at grunnlaget for å vurdere om omsyna bak LNF-formålet vert vesentleg tilsidesette, er mangelfulle i høve til å kunne vurdere dei faktiske verknadane av tiltaket. Kommunen må då opplyse saka betre.

Fylkesmannen finn etter ei samla vurdering å måtte klaga på kommunen sitt vedtak nr. 42/2018 fordi det ikkje er søkt eller gitt dispensasjon frå plankravet og fordi saka er for dårleg opplyst til å kunne vurdere verknadane med tanke på landbruksinteressene. Vi ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikkje vert gitt dispensasjon som omsøkt.

Fylkesmannen ber vidare om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til dess klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
avdelingsdirektør

Egil Hauge  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*